

Til Vestland fylkesting 29-30.september 2021 i Sogndal.

Skriftlege spørsmål om Storebrand som pensjonsleverandør.

Frå januar 2021 overtok Storebrand som leverandør av tenestepensjonen i fylkeskommunen.

I konkurransegrunnlaget til anbodet lå det inne ein klausul om at ansvar for pensjonsrådgjeving vart overført til leverandøren. Dette var ein funksjon som fylkeskommunen tidlegare sto for sjølv, ved ein eigen pensjonsrådgjevar i HR-avdelinga.

Etter byttet til Storebrand som pensjonsleverandør, opplever mange tilsette i fylkeskommunen at pensjonsrådgivinga er mangelfull.

Når ein freistar å finne ut kva ein vil få i tenestepensjon, får ein lite hjelp frå Storebrand, som ikkje viser seg i stand til å kalkulere pensjon på same nivå som den tidlegare leverandøren KLP gjorde.

Spørsmål til fylkesordføraren:

- 1. Har Storebrand levert det dei skal etter anbodsavtalen?**
- 2. Kva vil fylkesordføraren gjere for å sikre at dei tilsette får god nok informasjon om sin framtidige pensjon.**

Innsendt av fylkestingsrepresentant Terje Kollbotn (Raudt)